

Kriteria for tildeling av kommunal bustad - nytilsette

Vurderinga for tildeling av kommunal bustad er ikkje knytt opp mot eit lovverk eller statlige retningslinjer.

Følgjande krav gjeld for å få kommunal bustad i Vang.

Tilsett: (Kriteria er revidert des-23. Tilsette med gammal husleigeavtale beheld dåverande avtalevilkår).

- Det opplysaast ved utlysing at kommunen har tilgjengeleg personalbustader om det finst ledige slike
- Ny tilsett får ved tilbod om midlertidig kommunal bustad såframt det er ledig bustad
- Kommunale bustadar vert kun leigd ut til nytilsette i Vang kommune
- Ein må ha akseptert tilbodet om arbeid for å komme i betrakning som leigetakar
- Ein må ha fast eller mellombels stilling med minimum 6 månadars varigheit og minimum 50 % stillingsprosent i kommunen
- Bebuar i kommunal bustad må evne å ta vare på seg sjølv, følje lovar og regler i høve til det å leige ein bustad og halde orden i bustaden, og foreta alminneleg vedlikehald på tomta
- Normert leigetid er 2 år, som kan forlengast 1 år etter eigen søknad. Ein kan såleis bu i kommunal bustad i maksimalt 3 år, målet er alltid å få leigetakarar i kommunal bustad over i den private bustadmarknaden. Ved vurdering av søknad om vidare leigetid etter 2 år vil det bli vurdert argumentasjon for behov for vidare leigetid, og sett opp mot behov for ledige kommunale bustadar.
- For leigetakars del er det ingen oppseiingstid, dette skal vere eit insentiv for å finne seg bustad privat så fort det lar seg gjere . Utleiger har 3 månadar oppseiingstid etter Husleigelova.
- Dersom ein går frå å vere tilsett til ikkje å vere tilsett, vil det svare til oppseiing av bustaden. Oppseiingstida er 3 månader